

Årdal kommune

# Planstrategi 2016-2020

**Oppdragsgjevar:** Årdal kommune  
**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Olve Fosseid  
**Rådgjevar:** Norconsult AS,  
**Oppdragsleiar:** Johannes Henrik Myrmel  
**Fagansvarleg:** Arne Kringlen  
**Andre nøkkelpersonar:** Lina M. Ørnehaug

D03	2016-08-31	Revidert etter tilbakemelding frå oppdragsgjevar	akr	Imor	akr
C02	2016-06-06	Første utkast sendt oppdragsgiver	akr	Imor	akr
A01	2016-04-11	Innhaldsliste	akr	Imor	akr
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.


# INNHOLD

<b>1 FØREMÅL MED PLANSTRATEGI .....</b>	<b>4</b>
<b>2 OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK OG FORVENTNINGAR .....</b>	<b>5</b>
2.1 VIKTIGE TRENDAR.....	5
2.2 NASJONALE FORVENTNINGAR.....	5
2.3 SOGN OG FJORDANE FYLKE .....	5
2.4 ÅRDAL KOMMUNE .....	6
<b>3 HOVUDUTFORDRINGAR OG STRATEGIAR.....</b>	<b>7</b>
3.1 FOLKETALSNEDGANG MED FLEIRE ELDRE OG FÆRRE UNGE.....	7
3.2 ENSIDIG NÆRINGSLIV KNYTT TIL BASISNÆRINGANE .....	8
3.3 USIKRE ØKONOMISKE RAMMER FOR KOMMUNEN.....	8
3.4 KREVJANDE Å REKRUTTERE OG BEHALDE KOMPETANSE.....	9
3.5 ÅRDAL - TO AV ALT ELLER EITT SAMFUNN .....	10
<b>4 UTFORDRINGAR OG STRATEGIAR FOR SEKTORANE OG UTVALDE TEMA .....</b>	<b>11</b>
4.1 OPPVEKST OG KULTUR .....	11
4.2 HELSE, OMSORG OG NAV.....	12
4.3 TEKNISKE TENESTER .....	13
4.4 LANGSIKTIG AREALBRUK .....	13
4.5 SAMFUNNSTRYGGLEIK .....	14
4.6 MILJØ OG KLIMA .....	14
4.7 FOLKEHELSE .....	15
<b>5 KOMMUNEN SITT PLANSYSTEM .....</b>	<b>16</b>
5.1 MEIR SAMORDNA OG MÅLRETTA PLANLEGGING.....	16
5.2 KOMMUNEN SITT SAMLA PLANBEHOV 2016-2020 .....	16
<b>6 KJELDER.....</b>	<b>18</b>

# 1 Føremål med planstrategi

I samsvar med plan- og bygningsloven av 2008 § 10-1 skal kommunestyret minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein communal planstrategi. Strategien skal vere eit hjelpemiddel for å styrke den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioritast. Sentrale utviklingstrekk skal drøftast og planbehovet i kommunestyreperioden skal avklarast.

Figuren under viser samanhengen mellom kommune sine ulike plannivå og frekvensen på rullering av planar.



Figur 1: Det kommunale plansystemet.

Årdal har laga to tidlegare planstrategiar som har gjeve god oversikt og forutsigbarheit i planarbeidet. Desse strategiane har hatt eit høgt ambisjonsnivå på kva planar ein kunne utarbeide i perioden. På grunn av for lite kopling mellom strategien og det årlege budsjettarbeidet, har det vore forventningar frå politikarar om oppstart av planarbeid, som planavdelinga ikkje har hatt ressursar til å følgje opp.

I planstrategiarbeidet 2016 har det vore prioritert medverknad med tenesteleiarane og politikarane, for å skape felles forståing av samfunnsutviklinga og kva som er dei viktigaste utfordringane å jobbe med dei neste 4 åra. Medverknaden er gjennomført med to arbeidsverkstader våren 2016. Den eine med tenesteleiarane og den andre med både tenesteleiarane og kommunestyret.

Årdal utvikling utarbeider i 2016, ei samfunnsanalyse som grunnlag for ny strategisk næringsplan. Dette arbeidet stettar behovet for medverknad med innbyggjarar, lag/organisasjonar og næringslivet. Sentrale moment frå medverknaden er henta inn i planstrategien.

## 2 Overordna utviklingstrekk og forventningar

### 2.1 Viktige trendar

Sentraliseringa i Norge er tydlegare enn nokon gong og desse prosessane skjer lokalt, nasjonalt og globalt. Mobilitetten er stor og dei siste åra er det sett rekord i innanlands flytting. Folk flyttar internt i kommunen og mellom kommunar og hovudstraumen går til sentrale strøk. Ei aldrande befolkning i periferien er ein naturleg konsekvens av at det fyst og fremst er dei unge som flyttar til større sentra og bidreg med fødselsoverskot der. Prosessane er sjølvforsterkande.

Den store drivaren for flytting er tilgang på arbeidsplassar og ein variert arbeidsmarknad. Byane og bynære område har større del av arbeidsintensive kompetansearbeidsplassar enn utkantane, som har større del av basisnæringer som effektiviserer.

Innbyggjarane stiller stadig større krav til innhald i tenester og produkt. Trenden går i retning av at tenester som fellesskapet yter skal tilpassast individuelle ynskjer. Kollektivt organiserte opplegg ut frå tankar om likehandsaming og rettferd kan lett kollidere med det den einskilde krev ut frå sin situasjon. Brukarorientering og tilpassing verkar å bli like viktig som fordeling av gode og byrder. Høg kvalitet på tenester betyr ytterlegare auka etterspurnad etter ny ytingar.

Det går føre seg mange store reformer; statlege reformer, regionreform og kommunereform. Regjeringa har, med støtte frå fleirtalet på Stortinget, starta arbeidet med å gjennomføre ei kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med større makt og mynde. Stortinget meiner dette er nødvendig for å møte dei utfordringane kommunane vil møte og dei auka forventningane innbyggjarane har til kommunane.

### 2.2 Nasjonale forventningar

Regjeringa har uttrykt sine forventningar til fylkeskommunane og kommunane sine planarbeid gjennom «Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging» (vedtatt ved Kgl.res. 12. juni 2015). Forventningane skal være retningsgjevande, og dei skal leggast til grunn for kommunestyret sitt arbeid med den kommunale planstrategien, og andre kommunale planar. Regjeringa sitt føremål med forventningane er å fremje samarbeidet om ei bærekraftig og meir effektiv areal- og samfunnsplanlegging i åra som kjem. Forventningane er knytt til tre hovudtema:

- **Gode og effektive planprosessar** som handlar om at planprosessane skal bli meir effektive gjennom enklare regelverk og betre samarbeid, målretta planlegging og auka bruk av IKT i planlegginga. Det kommunale sjølvstyret skal leggast vekt på, slik at motsegner berre skal takast i bruk når nasjonale interesser må sikrast og dialog ikkje har ført fram.
- **Bærekraftig areal og samfunnsutvikling** som handlar om å utvikle eit klimavenleg og sikkert samfunn, ei aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar og ei framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse.
- **Attraktive og klimavennlege by og tettstadsområde** som handlar om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, fokus på et framtidsretta og miljøvennlig transportsystem, levande by- og tettstadssenter og helse og trivsel.

### 2.3 Sogn og Fjordane fylke

I Sogn og Fjordane fylke sin planstrategi, som var på høyring våren 2016 er det trekt opp 5 sentrale utviklingstrekk:

- **Globalisering og sentralisering** gjer at stadig større delar av befolkninga i fylket bur i eller nær eit større sentrum. Den viktigaste faktoren er tilgang på arbeidsplassar, bustader og utdanning.
- **Migrasjon og inkludering** vert ein stadig viktigare moglegheit og utfordring for fylket, då vi på relativt kort tid har gått frå å vere eit homogent samfunn til eit meir fleirkulturelt samfunn.
- **Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad** er noko av grunnlaget for fylket si «svake» utvikling. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning.
- **Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet** er avgjeraende for å skape fleire arbeidsplassar som igjen er den viktigaste drivaren for folkevekst. Basisnæringane er dominerande i fylket.
- **Klimaendringane** gjev utfordringar for fylket hovudsakleg knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima.


## 2.4 Årdal kommune

Årdal er eit samfunn som opplever store svingingar i takt med utviklinga innan hjørnestoinsbedriftene. Samtidig er Årdal også påverka av den store sentraliseringstrenden der ungdom trekker til sentrale strøk for utdanning og blir verande der på grunn av fleire valmoglegheiter når det gjeld arbeid, utdanning og bustad.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2010 og arealdelen er frå 2011. I samfunnsdelen er visjonen for Årdal: **«Årdal skal vere ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida»** og hovudmåla er at:

- Årdal kommune skal vere eit trygt og robust lokalsamfunn
- Skaffe Årdal fleire bein å stå på
- Gjere Årdal attraktivt for unge før, under og etter utdanning
- Høgt nivå på kommunale tenester
- Samarbeid med næringslivet for utvikling i Årdal kommune
- Årdal kommune skal vere ein miljøkommune som arbeider for ei berekraftig utvikling

Samfunnsdelen frå 2010 tek sikte på å stabilisere folketalet på 6300, men dette har vist seg vanskeleg, hovudsakleg på grunn av den negative arbeidsplassutviklinga. Folketalet i 2016 er nede på i underkant av 5400.



## 3 Hovudutfordringar og strategiar

Sett i lys av samfunnsutviklinga og resultat frå medverknadsarbeidet i SNP<sup>1</sup> peikar administrasjonen og politikarane i fellesskap på følgjande hovudutfordringar:

1. Folketalsnedgang med fleire eldre og færre unge
2. Einsidig næringsliv knytt til basisnæringar
3. Usikre økonomiske rammer for kommunen
4. Krevjande å rekruttere og behalde kompetanse
5. Årdal-To av alt eller eitt samfunn

Under går vi nærmare inn på status og utfordringar på kvart enkelt området og vurderer planbehovet.

### 3.1 Folketalsnedgang med fleire eldre og færre unge

Årdal er som mange andre kommunar i fylket, prega av nedgang i folketalet, i tillegg til ei aldrande befolkning. Prognosene for 2040 viser ein auke i aldersgruppa 67+ på 46% og ein nedgang i aldersgruppa 16 – 66 år på 24%. Utviklinga heng mellom anna saman med at tal arbeidsplassar i basisnæringane går jamt nedover. Årdal har likevel mindre utflytting enn nedgangen i tal arbeidsplassar skulle medføre. Dette tilseier at utflyttinga ikkje kan tilskrivast låg bustadattraktivitet. Årdal må skape høgare attraktivitet for næringsliv og busetjing enn andre kommunar, for å oppretthalde folketalet. Dette er fordi Årdal ligg slik til i regionen med avstand til andre arbeidsmarknader at arbeidsmarknadsintegrasjon er naturleg låg. Dette gjev låg mobilitet i arbeidsmarknaden for dei som vel å busetje seg i Årdal.<sup>3</sup>

Folketalet i Årdal er 5359 pr. 1/1-2016 og er sidan 2010 redusert med 46 personar i snitt kvart år. Høg innalands utflytting og fødselsunderskot dei siste åra bidreg mest til nedgangen.

#### Utfordringar

- Stor demografisk endring med fleire eldre og færre unge krev ressursprioritering
- Prognosene viser at det kring 2020-25 i Årdal kommune kan vere fleire personar i aldersgruppa 67+ enn i gruppa 20-39 år.
- Kvinnunderskot og for få attraktive arbeidsplassar for høgt utdanna kvinner
- Kvalitetane ved å bu i Årdal kjem ikkje godt nok fram utanfor kommunen

#### Strategi og planarbeid

Årdal må sikre eit breiare tilfang av arbeidsplassar generelt, og særskilt til høgt utdanna kvinner, for å kunne stabilisere folketalet og kanskje få til ein auke. Der det er mogleg må det arbeidast med reisetidsforkorting til andre arbeidsmarknader, særskilt Sogndal. For å behalde dei som kjem til Årdal vil det vere avgjerande å vidareutvikle eit ope og inkluderande samfunn. For innvandrarar er språkopplæring og arbeid dei viktigaste tiltaka. Eit målretta kulturarbeid og involvering av frivillig sektor er også sentralt. Det må gjerast eit systematisk arbeid med å betre omdøme for Årdal som samfunn.

Naudsynte planarbeid er:

- Ny strategisk næringsplan som er under utarbeiding i 2016.
- Målretta påverknadsarbeid opp mot nasjonal transportplan og regional transportplan. Analyser i høve reisetidsforkorting og kollektivtilbod.
- Kulturplan som involverer breitt og fokuserer på inkludering
- Plan for vaksenopplæring for innvandrarar

<sup>1</sup> Strategisk næringsplan for Årdal 2016. Årdal utvikling.

<sup>2</sup> Notat, tal prognoser og analyser for Årdal, juni 2016. Fylkeskommunen.

<sup>3</sup> Regional analyse for Årdal 2015. Telemarksforskning.

### 3.2 Einsidig næringsliv knytt til basisnæringane

Årdal er ein kommune som prega av at industriell produksjon har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Dette har forandra seg lite dei siste åra. Næringslivet er kjenneteikna av ein sterk konsentrasjon i aluminiumsproduksjon, med Hydro Aluminium som ei hjørnesteinsbedrift. Det er også andre bedrifter i kommunen som er underleverandører til aluminiumsproduksjon. Norsun AS er ei anna stor bedrift i kommunen som produserer wafere til solceller.

Ut frå Telemarksforskning sine analysar har næringslivet i Årdal høg produktivitet, målt som verdiskaping per tilsett. Det har også vore god etableringsaktivitet i kommunen. Årdal har høgast etableringsfrekvens av alle kommunane i Sogn og Fjordane (2014), og i tillegg og eit relativt stort næringsliv i forhold til folketalet. Lønnsemada i næringslivet er svak, dette skyldast ein stor del av føretak med underskot og med negativ eigenkapital<sup>4</sup>.

Årdal utvikling er godt i gang med å utarbeide ny strategisk næringsplan for Årdal. Hovudmålet i strategien er å få eit meir mangfaldig næringsliv, og bli mindre sårbar. Dei peikar på behovet for å spisse næringssatsinga med naturen som grunnlag, særskilt innanfor reiseliv og helse.

#### Utfordringar

- Einsidig næringsliv er sårbart for konjunkturar
- Automatisering og robotifisering av industrien reduserer behovet for arbeidskraft<sup>5</sup>
- Årdal sine naturattraksjonane er ikkje utnytta til reislivsutvikling
- Gode ordningar i industrien gjev lite motivasjon for å starte noko sjølv

#### Strategi og planarbeid

Det må utviklast eit meir mangfaldig næringsliv slik at ein i Årdal blir mindre sårbar og meir attraktiv. Næringsarbeidet må spissast for å få nok kraft bak satsinga<sup>6</sup>. Sentrale grep er naturen som grunnlag for satsing på reiseliv og helse, samt kompetanseutvikling og knoppskyting kring basisnæringane. Å framleis vere ein god verkskommune for hjørnesteinsbedriftene vil alltid vere sentralt for Årdal kommune.

Naudsynte planarbeid er:

- Ny strategisk næringsplan som er under utarbeiding i 2016. Overordna del inngår som revidert kapittel i samfunnsplanen.

### 3.3 Usikre økonomiske rammer for kommunen

Årdal kommune har vore i ROBEK<sup>7</sup> registerert sidan 2013, men har fått kontroll på økonomien dei siste åra og kjem ut av ROBEK registeret i 2016. Jamfør årsmeldinga for 2015, kan likevel ikkje Årdal kommune sin økonomi friskmeldast. Løns- og personalkostnadane er framleis ein stor del av kommunen sitt samla driftsbudsjet.

Eigedomskatt er ei viktig inntektskjelde for Årdal på vel 70 millionar. Konsesjonsavgifta gjev inntekter på vel 5 millionar.

Regjeringa har varsla endringar i inntektssystemet til kommunane og eventuelle endringar i lov om eigedomsskatt.

<sup>4</sup> Regional analyse for Årdal 2015. Telemarksforskning.

<sup>5</sup> Den 4. industrielle revolusjonen: økonomisk nedgang og omstilling, automatisering og robotifisering, nye forretningsmodellar.

<sup>6</sup> Henta frå Årdal utvikling og TIBE sin presentasjon til formannskapet 5. april 2016

<sup>7</sup> ROBEK: er et register over kommunar som på grunn av økonomisk ubalanse krev statleg godkjenning på låneopptak og investeringar som vil føre til langsiktige utgifter.

## Utfordringar

- Kommunen sin infrastruktur er rigga for eit anna samfunn enn Årdal er i dag
- Tenestene undervisning og omsorg/spesialomsorg har høge utgifter samanlikna med liknande kommunar
- Folketalsnedgang gjev reduksjon i rammetilskotet til kommunen
- Eventuelle endringar i lov om eigedomsskatt kan redusere kommunen sine inntekter kraftig

## Strategi og planarbeid

Det årlege budsjett og økonomiarbeidet må vurdere justering av kommunen sitt driftsnivå ned til samanliknbare kommunar (KOSTRA). Strukturendringar med større einingar og sentralisering må vurderast

Naudsynte planarbeid er :

- Årleg arbeid med budsjett, økonomi og handlingsplan
- Forventingsavklaring som del av alle plan og utviklingsarbeid
- Utvikle tenestekjøp som kan sikre effektive tenester og lokal næringsutvikling
- Potensialet i meir systematisk samarbeid med 3. sektor må analyserast

## 3.4 Krevjande å rekruttere og behalde kompetanse

Auka krav til kompetanse særskilt innan helse, omsorg, skule og barnehage gjer seg gjeldande.

Kompetanseutvikling, vidareutdanning og etterutdanning har vore eit prioritert område for skulen i mange år. Dei nye kompetansekrava for lærarane gjer at skulen må ha inn ny kompetanse på fleire fag enn tidlegare. Snittalderen er høg blant lærarane i Årdal og dei neste 4 åra må det rekrutterast 15 til 20 nye lærarar. Behovet er størst innan basisfaga norsk, engelsk, matematikk og naturfag.

Barnehagane er i stor fagleg utvikling med store forventningar og krav frå Staten. Det krev kompetent personalet for å følgje opp faglege krav. Barnehagane tek inn lærlingar og nokre barnehagar er praksisbarnehagar for høgskulen.

Innan helse og omsorg vert det satsa på utdanning av eigne tilsette for å redusere bruken av vikarbyrå. Det er fleire og nye oppgåver å løyse innan helse og store utfordringar for eldre med psykisk lidning. Det trengs vidareutdanning innan akuttsjukepleie og psykiatri.

## Utfordringar

- Rekrutteringsbehovet aukar på grunn av høg snittalder i kommunen som organisasjon, auka krav til kompetanse og endra behov i tenestene.
- Årdal ligg så langt unna andre arbeidsmarknader at dei som skal rekrutterast til kommunen også må flytte hit.

## Strategi og planarbeid

Årdal har ein Kompetanse og rekrutteringsplan som var revidert i 2015. Den har mål og tiltak for kompetanseutvikling og rekruttering i perioden 2015- 2018. Det må gjerast eit systematisk arbeid med å sikre at omdøme for Årdal som samfunn stemmer med dei positive kvalitetane som er i Årdal.

Naudsynte planarbeid er

- Revisjon av kompetanse og rekrutteringsplanen i 2018.
- Ny strategisk næringsplan som er under utarbeidning i 2016.

### 3.5 Årdal - to av alt eller eitt samfunn

Årdal er eit kompakt samfunn med kommunale tenester, bustadområde og arbeidsplassar konsentrert kring tettstadane Øvre og Tangen. Kommunale infrastruktur er godt utbygd i begge tettstadane og fritidstilbodet er variert. Dugnadsånda står sterkt og innbyggjarane er stolte av kommunen sin.

Øvre og Tangen er to sterke lokalsamfunn med eigne identitetar som til dømes gjer seg gjeldande i eigne idrettslag og sterkt lojalitet til eigen tettstad. Det kommunale tenestetilbodet er i stor grad bygd opp med «to av alt» og når det vert snakk om å fråvike denne tradisjonen kan konfliktane vere harde og langdryge. Desse interne stridane vert av mange beskrive som øydeleggande for det ein kunne fått til ved heller å heie kvarandre fram og la dei to tettstadane komplettere kvarandre, heller enn å konkurrere.

Det er gode erfaringar med kulturelle arrangement som til dømes Målrock der ein ikkje fokuserer på Øvre eller Tangen, men på kva som vil fungere best. Solidariteten mellom dei to samfunna dukkar opp med jamne mellomrom når det treng å stå samla.

#### Utfordringar

- To av alt og intern strid er ressurskrevjande
- Konfliktfylt omdøme kan redusere attraktiviteten for tilflytting.

#### Strategi og planarbeid

Det må skapast gode erfaringar gjennom etableringar der alle føler at dei er med på noko som er til beste for heile Årdalsamfunnet (døme Målrock). Fakta og analyser må ligge til grunn for framtidige lokaliseringsspørsmål. Funksjon må drøftast før lokalisering. Prioriteringane som vert gjort må vere synlege og informasjonen må vere tydeleg. Eit betre kollektivtilbod mellom dei to tettstadane kan gjere kvar dagen enklare for innbyggjarane viss ein i framtida ikkje får tilgang til alle tenester på begge stader.

Naudsynte planarbeid er:

- Sektorane sine fagplanar må konsekvensutgreie «to av alt» spørsmålet når tenestene skal vidareutviklast.
- Betre kollektivtilbod må utgriast i samarbeid med fylkeskommunen.

## 4 Utfordringar og strategiar for sektorane og utvalde tema

### 4.1 Oppvekst og kultur

Denne sektoren består av 2 grunnskular, 6 barnehagar, vaksenopplæring, PPT, kulturskule, bibliotek og kino/fritidsklubb.

Skulane og barnehagane i Årdal er integrert i lokalsamfunna der folk bur, noko som vert opplevd som ein kvalitet ved Årdalsamfunnet. Det er full barnehagedekning i kommunen og andel barn i barnehage er høgt. Skulane i Årdal gjer det bra på nasjonale prøver. Tal barn i skulen held seg stabilt dei neste 4 åra, sett ut i frå storleiken på kulla i barnehagane. Dei siste 10 åra har elevtalet i skulen gått ned med nesten 190 barn og prognosane frå fylkeskommunen/SSB spår framleis nedgang til 2040 med 70 barn (22 %) i barnehagealder. Aldersgruppa for skule og vidaregåande skule vil etter prognosene for 2040 vere redusert med om lag 140 barn (25 %) og 100 ungdom (35 %). Prognosene byggjer på historiske data og fleire faktorar kan påverke og gi ei anna utvikling, men det er grunn til å følgje den demografiske utviklinga nøyne.

Sektoren deltek aktivt i ulike samarbeid og prosjekt på regions - og fylkesbasis og opp mot Høgskulen. Dette handlar om bygging av kompetanse og nettverk. Kompetansekrava i både skule og barnehage er aukande og rekruttering står høgt på dagsorden.

Arbeid med trivsel og tryggleik er høgt prioritert slik som BTI<sup>8</sup>-prosjektet (betre tverrfagleg innsats). Både skulane og barnehagane deltek i ei rekke prosjekt som handlar om språkutvikling, psykisk helse, fysisk aktivitet m.m. Samarbeid barnehage/skule er i betring med kvalitetssikra overgang barnehage – skule. Felles årshjul for overgangen barnehage-skule er ferdigstilt

Vaksenopplæring gjeld norsk og samfunnssfagopplæring for asylantar og flyktningar. Det er 249 deltagarar i opplæringa. Stor auke i tal deltagarar, har bydd på utfordringar i forhold til klasserom og personale, men dette er no løyst.

Kulturskulen har faga musikk, dans og kunst med 280 elevplassar. Det vert også gjeve tilbod om musikkterapi til grunnskule, vidaregåande skule, institusjonar og enkeltpersonar. Kulturskulen samarbeider med grunnskulane og frivillige lag og organisasjonar i kommunen.

Kulturområde inneheld også kino/fritidsklubb og bibliotek

#### Utfordringar

- Mogleg redusert barnetal krev tilpassing av personell og bygningar
- Aukande gruppe elevar med særskilde behov som ikkje fagrelaterte
- Aukande krav til kompetanse i skule og barnehage og høg snittalderen blant lærarane gjev utfordring med rekruttering
- Auke i framandspråklege barn, flyktningar, asylbarn
- Manglande koordinering av kommunen sitt arbeid innan kulturfeltet

#### Strategi og planarbeid

Tverrfagleg samhandling er avgjerande for utviklinga i oppvekstsektoren. Årdal har gode erfaringar gjennom BTI prosjektet og dette bør vidareførast inn i ein ny felles plan for oppvekst.

<sup>8</sup> BTI er «betre tverrfagleg innsats» overfor barn, unge og familiar det er knytt bekymringar til. Helsedirektoratet.

Kulturområde er sentralt for trivsel og inkludering i Årdalsamfunnet og området treng ein samla plan for å målrette innsatsen.

Naudsynte planarbeid er:

- Heilskapleg plan for barn og unge (oppvekst) med fagtema Grunnskular, barnehagar, PPT og barnevern. Overordna del inngår som revidert kapittel i samfunnsplanen. Fagtema får eigne fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.
- Plan for kultur med tema kino/fritidsklubb, kulturskule, bibliotek. Overordna del inngår som revidert kapittel i samfunnsplanen. Fagtema får eigne fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.
- Plan for vaksenopplæring. Fagplan med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.

## 4.2 Helse, omsorg og NAV

Denne sektoren består av eldreomsorga med institusjonar og heimeteneste, spesialomsorga, NAV sosial og helsetenestene.

Årdal kommune har eit fortetta busetjingsmønster. Dette gjer det mogleg å utvikle kompakte tenester rundt få geografiske stader og slik samle kompetanse og ressursar, tilrettelagt for fleksibel ressursbruk og god arealutnytting.

Eldreomsorga i Årdal har vore gjennom strukturendringar som har ført til fleire endringar for tilsette og brukarar av tenesta i 2015. Samla sett er tenestene no meir robuste og forutsigbare, samla og spesialiserte.

Legetenestene er no samlokalisert i Helsehuset i Øvre Årdal og frå 2015 har det vore tilsett i alle fastlegeheimlane. Legetenesta til asylsøkjarane er styrka. Deltaking i LMS<sup>9</sup> vert evaluert i 2016.

Barneverntenesta bidreg aktivt i BTI-prosjektet, både gjennom deltaking og medverknad i prosjektgruppa og gjennom rettleiing av tilsette i barnehage og skule (SFO). Auka krav til dokumentasjon og kompetanse i både utgreiingsarbeid og tiltaksarbeid har sterkt fokus i tenesta.

NAV sosial prioriterte implementering av bustadsosial handlingsplan og stabilisering av utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Arbeidsmarknaden i kommunen er i stadig betring og det er eit godt samarbeid med det lokale arbeidslivet. Det har vore ein jamn nedgang av arbeidsledige i kommunen dei siste åra.

### Utfordringar

- Høgt kostnadsnivå samanlikna med liknande kommunar (KOSTRA), særskilt for brukarar under 67 år.
- Fleire eldre med psykisk lidingar
- Lang avstand til spesialisthelsetenester
- Mange brukarar med nedsett funksjonsevne og psykisk helseutfordringar
- Rekruttere og behalde personell
- Personar under 30 år som ikkje er i arbeid
- Aukande press/krav på unge og aukande behov for rettleiing av foreldre.
- Auka tal asylsøkjarar er utfordrande.

<sup>9</sup> Sogn lokalmedisinske senter i Lærdal.

- Generelt alvorlegare og meir komplekse saker vert no meldt inn til barnevernet

### Strategi og planarbeid

Tverrfagleg samhandling, fagspesialisering, rekruttering og strukturelle endringar er avgjerande for utvikling og ressursbruk innan helse, omsorg og NAV.

Naudsynte planarbeid vil vere:

- Heilskapleg plan for helse og omsorg med fagtema rehabilitering og habilitering psykiatri og rusmidlar, kreft, demens, kols, smittevern, velferdsteknologi. Overordna del inngår som revidert kapittel i samfunnsplanen. Fagtema får eigne fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.
- Plan for busetjing av flyktningar

## 4.3 Tekniske tenester

Tekniske tenester omfattar drifts- og vedlikehaldsansvar for vassforsyning, avlaupsanlegg og renovasjonstenester. Dei har og ansvar for teknisk vakt, planlegging og gjennomføring av investeringar innanfor VAR-området. Området leverer gode tenester til innbyggjarane til ein rimeleg pris. (lågaste nivå i landet på kommunale avgifter i 2015). Mengda avfall er aukande.

Tekniske tenester utedrift har ansvar for; kommunale vegar, gatelys, kommunale bruer, trafikktrygging, parkar og grøntanlegg, leikeplassar, idrettsanlegg, arbeid på kyrkjegardane, hamner og kaiar.

Tekniske tenester FDV gjeld forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, samt reinhald av kommunale bygg.

### Utfordringar

- Fleire heimebuande brukarar kan gje auka omfang av transport/montering av hjelpemiddel.
- EPC-kartlegging (Energiøkonomisering) i kommunale bygg, kan verte ei økonomisk utfordring
- Etterslep på vedlikehald av kommunale bygningar

### Strategi og planarbeid

Tenesteområde treng ein samla overordna plan for drift av tenesta med fag/delplanar som kan rullerast oftare enn hovudplanen.

Naudsynte planarbeid vil vere:

- Ny overordna plan for tekniske tenester med delplanar for særskilte fag/tema.

## 4.4 Langsiktig arealbruk

Kommuneplanenes arealdel vedteke 2011-2013, har eit langt tidsperspektiv og legg til rette for langsiktig utvikling av bygeområda i kommunen. Arealdelen utgjer eit godt styringsinstrument som gir handlingsrom og legg opp til føreseeieleg utvikling av areala.

Ved sida av utbygging av bustader i og ved sentrumsområda samt i felt, vert det ført opp nokre bustader utanfor tettstadane. Denne spreidde utbygginga har vore og vil vere eit supplement til utbygginga som føregår innanfor tettstadane og regulerte i felt utanfor tettstadene.

Gjennomgang av områda som er klar for utbygging eller nærmar seg planavklart, viser at det er arealbruksavklart ein bra bustadreserve i kommunen. Arealdelen legg til grunn ein vekst i folketalet og eit kortsiktig behov for 150 bustader og eit langssiktig behov for 300. Gitt at folketalet har gått ned i perioden er det ikkje behov for å utvikle nye bustadområde. Arealdelen opnar for å utvikle tettstadane ved områderegulering, til dømes gjennom offentleg/privat samarbeid og her ligg det inne eit stor potensiale.

## Utfordringar

- Mykje dispensasjonar frå maksimal utnyttingsgrad i byggesaker

## Strategi og planarbeid

Kommuneplanen sin arealdel har ei god arealreserve med areal som er konsekvensutgreidd og ROS vurderte. Revisjonsbehovet gjeld mindre praktiske justeringar av føresegner og oppdatering med tanke på utbyggingsavtaler. Den strategiske delen av arealdelen kan med fordel reviderast med tanke på at samfunnsutviklinga går i ein anna retning enn føresett ved førre revisjon.

Naudsynte planarbeid vil vere:

- Avgrensa revisjon av strategisk del og føresegner

## 4.5 Samfunnstryggleik

Årdal kommune har beredskapsplanverk utarbeidd på ulike del-ROS (Risiko- og sårbarheitsanalyse). Flaumsonekart for vassdrag i Årdal for 20-årsflaum og 200- årsflaum er ferdig utarbeidd av NVE.

Forskrift om kommunal beredskap krev at kommunen har ei heilskapleg ROS analyse for å avdekka tverrsektorielle utfordringar og reduserer risiko gjennom skadeførebyggande og skadebøtande tiltak, slik at ein er betre istrand til å handtere restrisiko gjennom beredskapsarbeidet.

ROS analysen til kommuneplanen sin arealdel viser at de ikkje er lagt ut areal med uakseptabel risiko. Det er lagt inn ulike sikrings og faresoner i planen som set krav til sikring/vurderingar før utbygging.

## Utfordringar

- Tverrsektoriell ROS analyse er ikkje gjennomført i samsvar med forskrift om kommunal beredskap

## Strategi og planarbeid

Det er viktig å få på plass konkrete mål og akseptkriterier. Måla og visjonane må vere knytt til både førebygging/riskoreduserande og skadebøtande (beredskapsarbeid). Det må gjerast ei prioritering før arbeid med kommune-ROS vert starta. Når arbeidet er gjennomført må det utarbeidast ny beredskapsplan. I tillegg må brannordninga reviderast i planperioden.

Naudsynte planarbeid vil vere:

- Overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap med deltema:
  - Overordna ROS
  - Del ROS
  - Beredskapsplan (årleg revisjon)
  - Lokale beredskapsplanar
  - Veg og trafikktrygging
  - Brannordning

## 4.6 Miljø og klima

Det er etter kvart semje om at menneskeleg aktivitet bidreg til global oppvarming og klimaendringar. Industrien i Årdal nytta store mengder elektrisk energi i produksjonen. Dette gjev mykje spillvarme som ikkje er utnytta, sjølv om Årdal nytta meir spillvarme enn snitt i fylket og landet. Årdal nytta mindre olje og gass enn snitt i fylket og landet.

Årdal er eksponert for både havnivåstigning, flaumfare og ras. Flaum og ras er dei mest aktuelle farane i Årdal. Sidan langt tilbake i tid er det gjennomført sikringsarbeid og faglege vurderingar av desse farane i Årdal. Informasjonen er samla i ei web løysing som gjev systematisk og god oversikt.

### Utfordringar

- Potensialet for bruk av spillvarme er ikkje utnytta
- Potensiale for energiøkonomisering i kommunale bygg er ikkje utnytta
- Samla vurdering av risiko og sårbarheit på grunn av klimaendringane er ikkje gjennomført.

### Strategi og planarbeid

Det er viktig å halde fram arbeidet med reduksjon av utslepp og identifisere kvar kommunen har størst potensiale. Klimaendringane gjev meir ekstremvær og endrar grunnlag som tidlegare vurderingar er basert på.

- Revisjon av klima og energiplanen frå 2010
- Del av overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap

## 4.7 Folkehelse

Utviklinga går i retning av betre samansette tenester for brukaren og større vekt på folkehelse. I Årdal er folkehelsekoordinator og frisklivssentralen viktig for å setje folkehelsearbeidet i system i høve rettleiing, trening, aktivitet, livsmeistring, og kosthald.

Eit sentralt spørsmål vidare er korleis integrere folkehelseperspektiv i kommunale avgjerdsprosessar og planar. Det må leggast vekt på sektorovergripande heilskapstenking i folkehelsearbeidet, noko som bryt med tradisjonar som tilseier at folkehelse berre er helsetenesta sitt ansvar.

### Utfordringar

- Folkehelse blir sett på som helsetenesta sitt ansvar

### Strategi og planarbeid

Folkehelseperspektivet må integrerast i kommunale avgjerdsprosessar og planar. Det må leggast vekt på sektorovergripande heilskapstenking i folkehelsearbeidet.

Naudsynte planarbeid vil vere:

- Folkehelse som tema i alle planarbeid i kommunen
- Årleg kartlegging av folkehelsesituasjonen som grunnlag for løpende planarbeid.

## 5 Kommunen sitt plansystem

### 5.1 Meir samordna og målretta planlegging

Årdal kommune vil legge om planstrukturen. Kommuneplanen er det sentrale styringsdokumentet som må rullerast med jamne mellomrom på aktuelle tema. Det skal utarbeidast færre kommunedelplaner og temaplaner. Temaplanane skal etter kvart erstattast av strategidokument/fagplanar for område der kommunen treng konkretisering av politikken.

Strategidokumenta/fagplanane skal vere kortfatta (6-8 sider), med avgrensa problemstillingar og med handlingsplaner som er kopla inn mot rulleringa av økonomiplanen.

### 5.2 Kommunen sitt samla planbehov 2016-2020

I dette kapittelet har vi summert og prioritert planarbeidet som skal gjennomførast.

Overordna	Kommentar	16	17	18	19	Neste periode
Planstrategi						
Kommuneplanen sin arealdel	Enkel rullering av strategidel og føresegner					
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Rullering med oppdatering i forhold til heilskapleg plan for barn og unge og heilskapleg plan for helse og omsorg.					
Strategisk næringsplan						
Kompetanse og rekrutteringsplan	Er ein del av arbeidsgjevarpolitikken					
Økonomi og handlingsplan						
Samfunnstryggleik og beredskap	Overordna del med målsetjingar som inngår i rullering av Samfunnssdelen					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overordna ROS</li> <li>• del ROS</li> <li>• beredskapsplan (årleg revisjon)</li> <li>• lokale beredskapsplanar</li> <li>• Veg og trafikktrygging</li> <li>• Brannordning</li> </ul>	Strategidokumenta/fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.					
Oppvekst&kultur	Kommentar	16	17	18	19	Neste periode
Heilskapleg plan for barn og unge	Raud tråd frå barnehage til skule med vekt på tverrfagleg samarbeid					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grunnskular</li> </ul>						

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagar</li> <li>• PPT</li> <li>• Barnevern</li> <li>• Kino/fritidsklubb</li> <li>• Kulturskule</li> <li>• Bibliotek</li> </ul>	<p>Overordna del med målsetjingar som inngår i rullering av Samfunnsdelen</p> <p>Strategidokumenta/fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.</p>				
Plan for vaksenopplæring		Strategidokumenta/fagplanar som rullerast i samband med handlingsplanarbeidet				
Helse&omsorg			16	17	18	19
Overordna helse og omsorgsplan med strukturelle tiltak 16-20	<ul style="list-style-type: none"> <li>• rehabilitering og habilitering</li> <li>• psykiatri og rusmidlar ( kreft – demens – kols - smittevern - velferdsteknologi</li> <li>• Busetjing av flyktningar</li> </ul>	<p>Overordna del med målsetjingar som inngår i rullering av Samfunnsdelen</p> <p>Strategidokumenta/fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.</p>				Neste periode
Tekniske tenester			16	17	18	19
Hovudplan teknisk med temaplanar:	<ul style="list-style-type: none"> <li>• VAR</li> <li>• utedrift</li> <li>• FDV</li> <li>• idrett og anlegg</li> </ul>	<p>Overordna del med målsetjingar som inngår i rullering av Samfunnsdelen</p> <p>Strategidokumenta/fagplanar med oppdatering av kunnskap og handlingsprogram, som kan rullerast årleg i samband med handlingsplanarbeidet.</p>				
• Klima og miljø		Strategidokument				

## 6 Kjelder

Ref.	Tittel	Dato/år	Utgjevar
1	Tenesteleiarane - Oppsummering av arbeidsverkstad 21. april	2016	Norconsult AS
	Kommunestyret og tenesteleiarane – oppsummering av arbeidsverkstad 30. mai	2016	Norconsult AS
	Budsjett, økonomi- og handlingsplan 2016 for Årdal kommune	2015	Årdal kommune
	Årsmelding for Årdal kommune 2015	2016	Årdal kommune
	Kommuneplan sin samfunns- og arealdel	2010 2011	Årdal kommune
	Utgreiling av aktuelle kommunestrukturalternativ for Sogn regionråd	2015	Telemarksforsking
	Tal, prognose og analyse for Årdal - notat	2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune
5	Statistikk for Sogn region	2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune
6	Regional analyse for Årdal	2015	Telemarksforsking
7	Regional planstrategi 2016-2020	2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune
1	Bustadmerknaden i Sogn – ein gjennomgang. IDEAS2EVIDENCE rapport 6/2016	2014	Sogn regionråd